



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adresseliste

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
2012/68 433.52 10.04.2012

Protokoll frå møte i rovviltnemnda region 1 29.03.2012

Rovviltnemnda i region 1 møtte på Rica Park hotel i Drammen i samband med oppstartseminar for rovviltnemndene for regionane 1, 2 og 3. Den 29.03 møtte Inghild Vanglo (vara) frå Rogaland, Marit Barsnes Krogsæter frå Sogn og Fjordane og Sveinung Valle frå Hordaland. Då blei sakane 1/12 og 2/12 og dei fleste orienteringssakane (5/12) handsama. Marit Barsnes Krogsæter leia møtet. Sak 3/12 og 4/12 blei utsett til dagen etter. Då møtte Noralv Distad, Marit Barsnes Krogsæter og Sveinung Valle.

Frå sekretariatet møtte Per Kristian Austbø, Birger Aasland og Anders Braa. Sekretariatet syner til saksframlegg utsendt saman med innkalling, dagsett 21.03.2012. Saklista under blei godkjend:

01/12: Innspel frå Fylkesmannen i Vest-Agder om oppfølging av kongeørnprosjektet

**02/12: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempande tiltak i 2011. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet.
Vedtak**

03/12: Oppfølging av revidert forvaltingsplan for region 3

04/12: Innspel frå Sogn og Fjordane bondelag om ekstraordinært uttak av jerv i Luster/Årdal

05/12: Orienteringssaker

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavingdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralv.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

01/12: Innspel frå Fylkesmannen i Vest-Agder om oppfølging av kongeørnprosjektet

Tor Punsvik frå FM Vest-Agder orienterte om forslag til oppfølging, spesielt for å auke kunnskap om kongeørn som skadevaldar på småfe. Fylkesmannen har høve til å gje løyve til skadefelling av kongeørn, men må rette fellinga inn mot den konkrete skadevaldaren. Dette kravet gjer at lista for å gje fellingsløyve ligg høgt med dagens kunnskap om kva for fuglar som gjer skade.

Frå sekretariatet blei det påpekt at ein eventuell fase 2 måtte følgjast opp som konkretisert prosjekt frå ein fylkesmann i regionen. Registreringsprosjektet var i ein særstilling grunna stor mangel på systemisert kunnskap om bestanden i regionen og behov for etablering av overvaking. Sekretariatet tok difor eit felles ansvar for framdrifta av dette prosjektet. Normalt skal ikkje sekretariatet handsame saker på vegne av alle fylkesmenn i regionen, jf brev frå DN av 09.03.2012 om *Planleggingsrammer Rovviltnemndene 2012*. I tillegg er dette ein relevant sak for budsjettet, som for 2012 allereie er rimeleg stramt.

Rovviltnemnda tok innspela til etterretning, og synte til handsaming av sak 2/12.

02/12: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempande tiltak i 2011. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. **Vedtak**

Sekretariatet gjorde merksam på at i fordelinga til Rogaland er restløyvingane kr 238 000,- til Ambio for slutføring av kongeørnprosjektet inkludert.

Vedtaket er i samsvar med sekretariatet si innstilling, med unnatak av nytt punkt 13 (under Vedtak). Sekretariatet må – i høve til punkt 13 - få aksept frå DN til eventuelle overføringar mellom fylkesmenn internt i regionen.

Vedtak

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak på dette viset for 2012:

1427.73	Fordeling på søknad	I reserve FM	Til saman
<i>Drift av nemnda</i>			<i>120 000</i>
<i>FM Vest-Agder</i>	<i>42 000</i>	<i>50 000</i>	<i>92 000</i>
<i>FM Rogaland</i>	<i>288 000</i>	<i>50 000</i>	<i>338 000</i>
<i>FM Hordaland</i>	<i>40 000</i>	<i>10 000</i>	<i>50 000</i>
<i>FM Sogn og Fjordane</i>	<i>300 000</i>	<i>100 000</i>	<i>400 000</i>
Sum	670 000	210 000	1 000 000

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Fylkesmennene har høve til å sette av ytteligare midler til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknadar som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av store beløp i reserve, det vil seie til akutte behov i beitesesongen. Nemnda vil oppmode fylkesmennene til å sjå nærare på om det kan vere aktuelt å nytte eventuelle beløp som står att etter beitesesongen er ferdig til nye tiltak eller forbetring av eksisterande tiltak. Fylkesmennene bør og vere opne for å gje støtte til felles tiltak

innan regionen eller med naboregioner, og til tiltak i andre fylke innafor regionen. Reservebeløpet kan og nyttast til finansiering av formar for dialog med involverte organisasjonar i fylket.

4. Fylkesmennene må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag.

5. Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltningsplan for Region 1 (kap 8.4.4).

6. For å få tilskot til førebyggjande eller konfliktdempande tiltak skal tiltaket avklarast med fylkesmannen på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg.

7. Fylkesmannen har høve til å nytte pengane til gode prosjekt innafor bestandsregistrering og skadedokumentasjon. Slike prosjekt skal samordnast med SNO.

8. Det er ikkje høve til å engasjere personell hos fylkesmannen for gjennomføring av førebyggjande tiltak.

9. Tilskot frå 1427.73. skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Fylkesmannen kan likevel nytte delar av ramma til andre førebyggjande tiltak, jf forvaltningsplanen kap.8.4.6.

10. Mottakar av tilskot skal rapportere bruken til Fylkesmannen innan 1. desember 2012. Rapporten skal, innehalde ei evaluering av tapsreducerande eller konfliktdempande effekt. Fylkesmannen skal rapportera bruken av tilskotsmidla innan 15. januar 2012 til DN og rovviltnemnda. Fylkesmannen skal og rapportera effektar av tilskotet så godt det let seg gjera.

11. Av ramma på kr 300 000,- til godtgjering av rovviltnemnd og drift av sekretariatet (kap. 1427.21) blir kr 180 000,- sett av som kompensasjon til fylkesmannen i Rogaland for sekretariatsarbeidet.

12. Rovviltnemnda rår til at Direktoratet for naturforvaltning tildeler kr 102 000,- til region 1 for å finansiere vaktordning hos fylkesmennene i 15 veker i beitesesongen frå 1. juni. Ordninga skal sikre raske avgjerd i høve til skadefelling og i høve til akutte førebyggjande tiltak. Tildelinga fordelast likt mellom dei 4 fylka.

13. Rovviltnemnda vil treffe nytt vedtak i august eller september om disponering av eventuelle restbeløp til FKT til prioriterte eksisterande søknader.

Dette vedtaket er ikkje eit einskildvedtak etter forvaltningslova, og kan ikkje påklagast.

03/12: Oppfølging av revidert forvaltningsplan for region 3

Forvaltningsplan for region 3 er no vedteke, med jervesone inn mot grensa til Indre Sogn.

Vedtak

Rovviltnemnda meiner avgrensing av jervesona i region 3 er svært uheldig i høve til auka tap og dyrevelferd i region 1.

04/12: Innspel frå Sogn og Fjordane bondelag om ekstraordinært uttak av jerv i Luster/Årdal

DN har seinast vedteke ekstraordinært uttak av 2 jervar fram til 9. mars i Indre Sogn. Landbruksnæringa i Sogn meiner nytt vedtak må iverksettast så snart som råd, og kvota må vere på minst 4 dyr.

Vedtak

Rovviltnemnda oppmodar til rask analyse av møkkprøver for å kunne fastslå tal på aktuelle individ i Indre Sogn gjennom DNA-identifisering så snart som råd. Dersom talet på dyr er 4 eller meir, bør uttaket vere på 4 jervar. Nemnda ber om å bli fortløpande orientert om resultatprøver. Nemnda rår og DN til uttak av 1 jerv i Ryfylkeheiane.

Nemnda syner til vedtak om lisensfellingskvote i september. Restkvote etter 0 fellingar er 5 dyr.

05/12: Orienteringssaker

Nemnda blei samde om at kongeørnprosjektet skal leggst fram til orientering etter prosjektet er avslutta på neste møte i mai.

Nemnda sender ikkje eigen uttale til forslag om endringar i rovviltforskrifta, jf brev frå MD av 03.01.2012.

Resultat av fellingar inneværande sesong er:

- 0 felte jerv på lisensfelling, og heller ikkje på vedtak om ekstraordinær felling så langt.
- 3 felte gauper i Vest-Agder på kvotefri jakt i region 1 (status pr 29.03)

Tor Punsvik orienterte om aktuell førekomst av ulv i Vest-Agder. Dokumentasjon er så langt ikkje lagt inn i Rovbase. I perioden mellom 15.02 og 1.06 er det DN som har mynde til vedtak om skadefelling for alle rovpattedyr. Nemnda foreslo å avvente situasjonen, og eventuelt ta eit telefonmøte om eventuell tilråding til felling før mai.

Denne protokollen blir lagt ut på rovviltnemndene sin sharepointløysing og på heimesidane til Fylkesmannen i Rogaland, www.fylkesmannen.no/rogaland, under miljøvernavingdelinga, viltforvaltning og rovviltnemnda.

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Adresseliste pr epost:

Rovviltnemnda region 1
Direktoratet for Naturforvaltning
Fylkesmennene i Sogn og Fjordane, Hordaland og Vest-Agder
Mattilsynet
SNO v/Jon Erling Skåtan og Rein Arne Golf
Sogn og Fjordane bondelag v/Merete Støfring